



SAKSHANDSAMAR
Jannie Schnedler Johansen

VÅR REF.
17/02340-3

ARK. P - Plansaker

249,253-254,274 Kvinnherad kom. - Ho

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

982 02 795

DYKKAR DATO

VÅR DATO

12.01.2018

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Framlegg til reguleringsplan for Fjelbergsambandet, Østhus, gnr. 217, bnr.1, Nordhus, gnr. 209, bnr. 2 og 3, Kvinnherad kommune, Hordaland

Løye til inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

Konflikt med id 143890, 111936 og 111940: dyrkingsspor

Vi viser til brevet dykkar datert 30. november 2017, der Riksantikvaren blir bede om å uttale seg om forslag til reguleringsplan for Fjelbergsambandet i Kvinnherad kommune. Vi viser og til brev av 11. januar 2018 frå Universitetsmuseet i Bergen med vedlagt framlegg til budsjett og prosjektplan for gjennomføring av arkeologisk gransking (utgraving og etterarbeid).

Innanfor reguleringsområdet er det registrert dyrkingsspor og eit gravminne som er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4 første ledd.

I samsvar med kulturminnelova § 8 fjerde ledd, skal det ved handsaming av reguleringsplanar takast stilling til om ein kan gje løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir råka av planen. Riksantikvaren er rette styresmakt til å fatte avgjersle i slike saker, jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova § 1 nr. 1.

Skildring av kulturminna

Hordaland fylkeskommune har registrert innanfor planarealet, og nærområdene til dette, fleire gonger tidlegare. I 2006 vart id 111936, 111956 og 111940 påvist. I 2011 vart id 143884 og id 143890 påvist. Hordaland fylkeskommune gjennomførte også arkeologiske registreringar av planområdet i 2017, men det vart da ikkje påvist nye automatisk freda kulturminne.

I nærområdet til planarealet ligg det fleire kulturminne, mellom anna fleire gravminne, røysar og haugar. Ein av haugane, «Krekjahaugen» (id 15776), har ein gjennom justering av vegtraseen unngått nærføring mot, men justeringa har medført at id 143890, ikkje kunne bli verna.

Ei gravrøys, id 66367, kalla «Munkura», som ligg innanfor planarealet, er verna gjennom ein omsynssone d) (H730_1). Id 111956 og 143884 er begge dyrkingssporlokaliteter som er verna i planen i omsynssoner d) (H730_3 og H730_4).

Kulturminna som vert råka av plantiltaka er:

Id 111936: ein rest av eit einfasa dyrkingsslag/avsviingslag. Laget er registrert med ein utstrekning på om lag 544 m². Laget er truleg vesentleg større, da det berre har blitt registrert i vegtraseen. Laget er ikkje datert.

Id 111940: eit fossilt dyrkingslag/avsviingslag. Lokaliteten er registrert i samband med vegplanlegginga og har ein målt utstrekning på 414 m². Ei kolprøve frå dyrkingslaget/avsviingslaget er datert til den aller siste fasen av yngre steinalder.

Id 143890: fleirfasa dyrkingslag, registrert i vegtraseen, med ein utstrekning på om lag 470 m². Minst to fasar. Eit lag er datert til overgangen førromersk jernalder – romertid og eit anna lag har blitt datert til yngre bronsealder.

Dateringar frå dei påviste dyrkingsspora viser at dyrking har starta opp i området allereie i yngre steinalder. Ein har elles lite kunnskap om dyrkingshistoria i frå Hordaland generelt.

Meir om planframlegget

Planframlegget regulerer nytt vegsamband mellom Borgundøy, Fjelbergøy og Halsnøy i Kvinnherad kommune. Framlegget er i samsvar med kommuneplan frå 2012.

Vegtiltaka er i konflikt med id 143890 og id 111936 og med ein mindre del av id 111940.

Merknader frå Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune vurderer at vegsambandets store samfunnsverdi overskygger verdien av fortsett vern av dei kulturminne som vegbyggingstiltaka er i konflikt med. Vidare vurderer fylkeskommunen at id 143890 har ein stor vitskapeleg verdi og at ein dispensasjon frå den automatiske fredinga berre bør bli gitt på vilkår av ein arkeologisk gransking. Id 111936 og id 111940 meiner fylkeskommunen har eit så lite kunnskapspotensial at det kan bli gitt dispensasjon for desse utan vilkår om arkeologisk utgraving.

Merknader frå Universitetsmuseet i Bergen

Universitetsmuseet i Bergen er samd med fylkeskommunen i at id 143890 har ein stor kunnsapsverdi som må bli sikra gjennom ein arkeologisk gransking. Museet er ikkje samd i at dei to andre kulturminne, id 111936 og 111940 har så låg kunnsapsverdi at ein ikkje treng å undersøkje dei nærare, men sidan id 111940 i hovudsak vil bli bevart, ettersom det berre er ein mindre del av denne som blir råka av tiltaka, så finn museet likevel at ein kan tilrå at det vert gjeve dispensasjon for desse utan vilkår om arkeologisk utgraving.

Riksantikvarens merknader og vurdering av saka

Riksantikvaren skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar, og arbeide for at kulturminneverdiane best mogleg blir tekne hand om og nyttiggjort i eit samfunn i endring. Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne kan bli gjeve etter ei vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vege opp mot private omsyn, og omsyn til samfunnet. I denne saka finn vi at ein realisering av reguleringsplanen har ein større samfunnsverdi enn fortsett vern av dei råka kulturminne. Kulturminnet id 143890 har ein så stor kunnsapsverdi at ein dispensasjon for denne berre kan bli gitt på vilkår av ein arkeologisk utgraving. Berre ein mindre del av id 111940 blir råka av tiltak i plan og det er difor ikkje naudsynt med ein arkeologisk gransking av denne lokaliteten. Id 111936 er ein lokalitet som i seg sjølve ikkje har eit kunnskapspotensial av betydning, men skal vurderast i samheng med id 111940, som i hovudsak vil bli bevart, og det er difor ikkje naudsynt med ein arkeologisk gransking av denne heller.

Riksantikvaren gjev samtykke til at reguleringsplanen for Fjelbergsambandet kan godkjennast under føresetnad av at det vert gjennomført ei arkeologisk utgraving av kulturminne id 143890

før tiltak i tråd med reguleringsplanen vert realisert, jf. vedlagd kart datert 12. januar 2018. I samsvar med kulturminnelova § 10, skal den arkeologiske granskinga bli dekt av tiltakshavar.

Vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, med endelege kostnader og avgrensing av utgravingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken. Vi gjer merksame på at arkeologiske utgravingar normalt berre lar seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar må ta omsyn til dette i vidare planlegging.

Tiltakshavar må varsle Hordaland fylkeskommune i god tid før han ynskjer å realisere tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter fatte vedtak om omfanget av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket kan klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

I følge framlegget til budsjett frå Universitetsmuseet i Bergen, er ei utgraving av gjeldande kulturminne, dyrkingslag id 143890, på Østhus, gnr. 217, bnr. 1, rekna å koste inntil kr. 394 000,- (2018-kroner og satsar).

Kulturminna, id 111936, 111940 og 143890, er merka i plankartet som *område for føresegn* med signaturen RpBg (*grense for føresegn i reguleringsplan*) og har fått nr. #1, #2 og # 3.

Følgjande tekst skal inn i føresegnene i reguleringsplanen:

"Før iverksetjing av bygging av vegsamband, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminne id 143890 som er merka som område for føresegn #3 i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett.

Kulturminne id 111936 som er merka som område for føresegn #1 kan bli fjerna utan vilkår om arkeologisk arbeid.

Den mindre delen av kulturminne id 111940, merka som #2, som vil bli råka av vegbyggingstiltaka kan bli fjerna utan vilkår om arkeologisk gransking. Den delen som ikkje blir råka av tiltak i medhald av planen skal bli liggande att og fortsett vere automatisk freda".

Den arkeologiske granskinga skal dekkast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10.

Dispensasjon frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket byggjer på at teksten ovanfor vert teken inn i føresegnene til reguleringsplanen. Riksantikvaren ber Hordaland fylkeskommune klargjere dette i si fråsegn til Kvinnherad kommune. Vi ber også om at Riksantikvaren si fråsegn i saka blir lagt ved den endelege fråsegna frå fylkeskommunen til kommunen.

Dersom kommunen gir melding om at teksten ovanfor *ikkje* vil bli teken inn i føresegnene til reguleringsplanen, og fylkeskommunen likevel ikkje vil fremje motsegn til planen, må de utan opphøyr varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt fremje motsegn til planen.

Beste helsing

Isa Trøim (e.f.)
seksjonssjef

Jannie Schnedler Johansen

Brevet er elektronisk godkjend

Vedlegg: Kartutsnitt datert 12. januar 2018.

Kopi til: Universitetsmuseet i Bergen - Fornminneseksjonen, Postboks 7800, 5020 BERGEN